



Jubileumsposten

Eit aktivt jubileumsår....

Januar 2009

Nummer 8

Godt nyttår!

Det er nesten vemodig å vera komen i mål etter eit langt og hendingsrikt jubileumsår. Året har ikkje berre vore rikt på hendingar, men også på mange nye kontaktar og nye kjeningar som vi har treft. Mange har vore folk som vi har visst om frå før, men aldri treft, men også mange er "heilt nye". Det har gjennom året vore mange prosjekt på gang, og det som i størst grad har sett kreftene på prøve er nok restaureringsarbeidet i ungdomshuset, klubbhuset og på skihytta. I ungdomshuset er det lagt nytt golv og gjort full rehabilitering av kjøkenet. I klubbhuset er også kjøkenet opprusta og nye epoxygolv er lagt. Heile bygda har delteke i dette arbeidet, - store og små, kvar på sin måte. Utan å hatt bygdefolket med oss, ville vi vore



Slektsstemnet. Laurdag var det samling til felles frokost på Bordholmen, før folk starta "visningsrunden" rundt bygda.

sjanselause. Gjennom året har det vore mange arrangement, 15 i talet, og vi er imponert over at folk har stilt opp for å ta del i arbeidet gjennom heile året. For stilt opp har jammen folk gjort både som publikum og i komitéarbeid. Heilt utruleg at det går an! Vi har hatt større deltaking

enn vi har budsjettert med på alle arrangementa og dette har sjølvsagt gjeve seg utslag i betre økonomi i jubileumsåret enn vi hadde venta oss. Største løftet var nok det store slektsstemnet i august. Dette var eit samarbeidsprosjekt med bygdeutviklingsprosjektet "Godt mot, Todalen". Nærare 700 "innfødde" og utflytta

totalingar møtte på hovudarrangementet på Bordholmen laurdag kveld. Vêrgudane gjorde eit tappert forsøk på å øydelegge med eit skikkeleg regnvêr da programmet skulle starte, men gjestane "stod han av". Gjennom året har det vore stor breidde i arrangementa, både faglege innslag og mykje historie og kultur. Vi hadde besøk frå Toppidrettssentret, da sjefen sjølv, Jarle Aambø deltok på inspirasjonsseminaret i mai. Den historiske delen vart ei bok på 128 sider med mykje historie både i form av fortellingar og mykje bildestoff. Det viktigaste av alt er at vi har hatt mykje moro i lag, og arbeidet med jubileet har sveisa i hop alle totalingar på ein fin måte. Todalen idrottslag har nok aldri stått sterkare i bygda enn det gjer no. Takk til alle for innsats og deltaking!

Takk for oss!

Jubileumsposten som du no held i handa er den siste. Eit langt jubileumsår er over og for jubileumskomiteen kan vi seie at produktet er levert. Vi starta arbeidet i august 2007, med mandat frå styret i T.I.L. til å arrangere eit verdig jubileum for laget. Ein del aktivitetar var lagt fast frå styret, mens resten var opp til oss. Vi har hatt møte omtrent annakvar søndagskveld og er etter kvart blitt godt kjent på møterommet til Talgø

Møbelfabrikk som velvillig har stilt møteplass til disposisjon. Det har vore mykje arbeid for å få alle ting på plass, men vi har også hatt mykje moro. Vi skal på ingen måte ta æra for eit vellukka jubileum, for vi veit at det er mange som har stilt opp og gjort ein kjempeinnsats, og ikkje minst har vi grunn til å takke publikum for deltakinga. Utan denne innsatsen hadde vi ikkje fått den suksessen som jubileet vart. Takk til dykk alle saman!



Jubileumskomiteen samla til første møte i januar. Frå venstre Terje Nordvik, Johan T. Hals, Jon Olav Ørsal, Borghild B. Talgø, Britt Mossing og Kari Kvendset. Svein Talgø og Toril Redalen var ikkje til stades på møtet.



”Todalen i hoinner”.....

Julekabareten ”Todalen i hoinner” kom vel i hamn med to fulle framsyningar. Og publikum fekk valuta for pengane i rikt monn. Gjennom 3 økter fikk vi sjå og høre mange artige innslag og mykje fin song og musikk. Det er rett og slett imponerende at ”lokale heltar” kan lage så god underhaldning. Og publikum sette stor pris på det dei såg og hørte, og var rause med applausen under framsyningane og med superlativa etterpå. Jammen vart det ei verdig avslutning på jubileumsåret for Todalen idrottslag! Kjøkkenet diska opp med fine og velsmakande rettar som var tilpassa og tilsmaka for



Revyinnslag med Kristen Bruset og Frode Grønmyr på scena.



Finale på ”Todalen i hoinner” og på jubileumsåret for Todalen Idrottslag. Det vart kjørt to framsyningar av ”Todalen i hoinner”, med ca 70 på første framsyning og 160 på den andre framsyninga på kvelden.

jubileumsåret. Stor honnør til kjøkkensjefane Jon Olav Roaldset og Knut Halset som ståka med maten. Aktørane i kabareten fekk ikkje kvile i pausane, for da var dei i full sjau med servering, leda av kveldens hovmeister Ola Husby. Han var for høvet leid inn frå hotell Continental i Oslo. Det heile starta med ein opningssong der alle aktørane var med på scena. Vidare framførte Nils Egenes, som var gjesteartist frå Surnadal, ein lokal og artig variant av skaparhistoria.

Vidare gjekk det slag i slag med damenes hyldingssong til jubilaranten, og lyrikk-kvelden ”som det ikkje vart noko av”. Etter første pause var turen komen for å sleppe til Nils Ove Bruset med smakebitar frå Snorres saga om livet i Todalen og på Normøre i gamle dagar. Vidare var det Kristine Saksen Ulvund som parodierte jubileumssjefen som hadde skreve søknad om å arrangere OL i Todalen i 2018, før Nils Egenes avslutta andre akta med fleirkulturell songkveld. Siste akta starta med

eit jubileumspotpurri, før Kristen Bruset og Frode Grønmyr fekk sleppe til som ”To vise menn tu Surndala”. Det heile vart runda av med avslutningssong, der alle aktørane deltok på scena. Ledar i Todalen I.L. Terje Talgø takka for framifrå underhaldning, og nytta også høvet til å dele ut blomster til hovudkomiteen, for arbeidet som har vore lagt ned med alle arrangementa i jubileumsåret. Fyrverkeri frå Øyabrua vart ei fin avslutning på jubileumsåret. Dette var sponsa av ICA.



....og jubileumsmarsj med rekorddeltaking

Nærare 170 deltakarar på Romjuls marsjen er nok ein skikkeleg rekord. Det var både godt vær og godt føre, og mange var nok sugne på litt mosjon før dei skulle på kabareten ”Todalen i hoinner” seinare på dagen. Trimgruppa serverte gløgg til alle som var med og deltakarane fekk også ei fin medalje til minne om marsjen. Arrangøren hadde nok feilrekna seg litt, for det vart nokre medaljer for lite. Men trimsjef Jostein Bruset håpar at dei får tilgjeving for det.

På turen rundt bygda fekk deltakarane med seg eit ark med Todalsquiz for å teste kunnskapen om heimbygda. Her var det Line Kvendset, Sigrid Talgø, Johan Raneg og Marit Ingeborg Ansnes som vann. Det var utruleg mange som hadde dei fleste av svara rett. Det ligg mange bilete frå Romjuls marsjen på nettsida vår www.todalenil.net. Takk til både store og små som var med på Romjuls marsjen. Men årets deltakarrekord blir nok vanskeleg å slå!



Frå venstre Bjørn Redalen, Sigrid Elise Talgø, Line Kvendset og Kathrine Røe. Framfor i vogna Johan Raneg og Martine Redalen.

Ledaren



Ein viktig milepæl er passert

Jubileumsåret 2008 er slutt, og det har vorte ein del av historia - eller rettare sagt ein del av Todalshistoria.

Når du har opplevd eit slikt år, med ein slik innsats og overlevingsvilje frå bygdefolket blir ein rett og slett rørt.

Må nok innrømme at responsen frå dykk alle har

vore større og betre enn vi i styret hadde rekna med.

Det vitnar om eit enormt samhold i bygda og er eit sterkt signal om at vi bryr oss om kvarandre.

Vi veit at todalingen stiller opp når det gjeld som mest og vi veit at vi får til ting saman, berre vi vil og vil nok!

Vi er no attende i kvardagen, og vi må ta fatt på den neste 100-års epoken i lagets historie.

Vi veit at det ventar mange ugjorte oppgåver, men vi veit også at vi kan rekna med deg som innsatsfaktor vidare.

Det gjev tryggleik for oss alle!

Terje Talgø

Skalkfesta 14. februar

I Todalen har vi tradisjonar for å feire at vi har nådd eit mål.

No har vi vel grunn til ei ordentleg feiring, seier jubileumssjef Kari Kvendset.



Kari er vant til å handtere frankeringsmaskina. Her frankeres eit nytt nummer av Jubileumspost som skal ut i den store verda, 600 i talet.

Derfor inviterer vi alle som på ein eller anna måte har "stått på" for å gjere jubileet til ein suksess til skalkfest i Ungdomshuset laurdag 14. februar.

Det skal vere ein kveld med litt god mat, der vi skal ha det triveleg i lag og kanskje mimre litt om det som har skjedd i jubileumsåret.

Det blir ein kveld utan pressdekning og utan krav til salgstal og andre prestasjonar av noko slag.

Vi kjem attende med meir info om skalkfesta i postkassen din, men sett av laurdag 14. februar i første omgang.

Trollheimsmarsjen

Trollheimsmarsjen er komen for å bli!

Trollheimsmarsjen som var eit samarbeid med IL Ulvungen og Trollheimstunnellen hadde sin premiere søndag 31. august. Den hadde start på Bordholmen og gjekk via Vardan til Ålvundeid.

Vi var veldig spente på om nokon tok bryet med å delta, men når dagen kom med fint turvær var det heile 209 som meldte seg til start.



Marit S. Søyset var kjentmann og fortalte om bruken av fjellet i gamle dagar. Ho hadde base på Ørsalsetra, der alle var innoom stølen.

Alle partar er godt nøgd med dette, og på evalueringsmøte etterpå vart det bestemt at ein skulle arrangere ny marsj i 2009, etter omtrent same opplegg.

Trollheimsmarsjen 2009 blir arrangert 30. august, så det er berre å sette av datoen til tur over fjellet til Ålvundeid.

Starten blir også neste år frå Todalen, med innkøst på Leikvoll stadion på Ålvundeid.

Vi er glade for at IL Ulvungen tok initiativ til dette samarbeidet og vi gler oss til å fortsette samarbeidet om Trollheimsmarsjen.

Vi trur at vi får enda fleire deltakarar i år, etter som fjorårets marsj har skaffa mykje god PR for begge laga.

Så her er det berre å legge seg i trening, slik at formtoppen kjem i august!

Gåve til ungdomshuset

Supaklokka som revyngjengen har lånt for å bruke under "Julselskapet" i 2007 og "Todalen i hoinner" i 2008 er det Ola Polden som har laga. Da klokka skulle leverast tilbake hadde Ola bestemt seg for at laget skulle få denne klokka til det nyrestaurerte ungdomshuset. Ola har eiga smie i Åsbøhagan på Nordvik og har



gjennom mange år som pensjonist støypt mange klokker og mykje anna rart der.

Vi helsar Ola mange takk for klokka, som skal få sin faste plass i det nyrestaurerte

Ungdomshuset. Til høgre klokka vi fikk som gåve.

www.todalenil.net

- kva no?

Styret i Todalen IL arbeider med å finna ei løysing på drift av ei nettside vidare. Det kan bli som ei side under ein felles portal for Todalen, saman med andre lag, eller vi kan fortsette med eiga side.

I første omgang vil vi prøve å "halde liv" i www.todalenil.net til eit slikt opplegg kan presenterast.

Helsing Redaksjonen

Jubileumsposten

Redaksjonen



Redaktør Jon Olav Ørsal tlf 913 38 020

e-post: jon.olav.orsal@svorka.net

Nettredaktør Guro Redalen tlf 452 54 850

e-post: guro_r@hotmail.com

Returadresse:

Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen

Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrottslag

Distribusjon av Jubileumsposten

Jubileumsposten blir lagt i alle postkassar i Todalen og på Nordvik. I tillegg blir den sendt i posten til alle utflytta todalingar vi har klart å finna adressa til.

Siste nummer av Jubileumsposten

Dette er siste nummer av Jubileumsposten. Jubileumsposten har vore ei satsing laget har gjort for å kome i kontakt med utflytta todalingar, nærare 400 i talet.

Det har vi fått mange positive tilbakemeldingar på og vi nyttar høvet til å takke for mange trivelege brev, e-post og samtalar. Synd at det ikkje har vore spalteplass nok til å bruke alt vi har fått og slik at vi har kunna delte dette med alle lesarane.

Kjendislivet er over...

Ein kjendis som har vore med gjennom heile jubileumsåret er jubileumslogoen. Den vart laga hausten 2007 av Ingun Redalen White, og har vore med på alt materiell som har vore laga i samband med jubileet.

Den vil nok være med oss vidare gjennom mange minner frå det store jubileumsåret.

Nok ein gong vil vi takke Ingun for hjelpa med grafisk utforming av jubileumslogoen.



Jubileumsboka

Jubileumsboka har gått unna. Den var nok å finna under mange juletre i år.

Over halvparten av opplaget på 500 var selt frå lanseringa i oktober og fram til jul.

Boka kostar kr 250 og salget forsett på ICA Todalen, eller du kan bestille på telefon 928 44 842

eller e-post: karikve@svorka.net.

Nytt høvet til å kjøpe boka!



Vegen vidare...

Etter eit år med så stor aktivitet er det nok naturleg at ein girar ned litt når vi møter kvardagen i 2009.

Likevel er vi sikre på at nokre av arrangementa vil leva vidare. Todalsdagen er sjølvsagt, med tradisjonar heilt attende til 1968.

Slektsstemnet viste også eit stor behov for kontakt. Kanskje det kan bli slektsstemne kvart 5. eller kvart 10. år?

Viltkvelden i skulen var også eit populært tiltak som vart godt besøkt og som vitna om stor interesse for jakt- og friluftsliv i bygda.

Det er derfor viktig at laget arbeider vidare med dei gode ideane og utviklar dette til å bli enda betre produkt for framtida.

Det er i alle fall viktig at vi "held koken" for å møte utfordringane som framtida kjem til å krevje av oss.



Nils Olav Talgøy og Ragnar Halle på Villmarksdag i skulen.

Premieutdeling på Bordholmen under Todalsdagen 2008.

Våre sponsorer:

En stor takk til våre generalsponsorer, hovedsponsor og samarbeidspartnere for god støtte. Deres økonomiske bidrag har vært med å gjøre jubileumssatsinga til en suksess.

Generalsponsorer:



Hovedsponsor:



Samarbeidspartnere:

